



Årestova på Maihaugen som er bygd i 1770 er ein av dei mest kjende i landet. Ho er frå Tolstadskriden i Vågå.

Kristian Bringedal har halde det gåande med museumsdagar i 30 år men det er ikkje noko i sundagens program på Rød som tyder på at han er i beit for interessante tema. Dette året er årestovar og gamle ski i fokus etterat sokneprest Jan Ove Totland har halde gudsteneste i Røykstova. Det er Arne Høyland frå Nordhordland, også kjend som trubadur, som skal halda føredrag om gamle ski og stille ut døme på dei.



Desse 3 tek føre seg årestovene og livet i dei

Bringedal har også ei oppmoding i denne samanhengen:
Alle som har gamle ski eller heimelaga ski bør ta dei med
til Rød. Då vil Høyland tidfesta dei og sei
litt om handverket som ligg bak.



Arne Høyland er også kjend for song og spel

Deretter kjem ein trio med eit spennande program som er kalla
I ljoset frå eld og ljore og handlar om den gamle årestova, ein
bustad gjennom 1000 år. Det er mange slike stover også på vår

kant av landet. Ole Didrik Lerum vil fortelja, Reidun Horvei syng, kveder, fortel og nyttar tromme og Laila Korve spelar fløyte og dreielire.

Det var mykje vakkert både av song, musikk og forteljarkunst å oppleva i årestovene og dei 3 kan å gjenskapa stemningen frå den gong da...Men først og fremst var det dagleglivet med krava sine som dominerte.

Programmet under museumsdagane har innslag som går att og eitt av dei er hesteskosting. Matøkta går også att og denne gongen er det Marit Langballe som lagar lokal mat og sel. I sommar har ho seld bakverket sitt på Rabben, men kva står på menyen søndag?

Av Ola Matti Mathisen